

## Preike pinsedag i Arna kyrkje

### Introduksjon:

Underet på pinsedag var spektakulært og kanskje skremmande. Ein kraftig, himmelsk lyd fylte plutseleg heile huset der disiplane var samla. Synlege tunger som av eld sette seg på kvar og ein av dei, og dei kunne plutseleg snakka andre språk. Sterke sanseintrykk, både for syn og hørsel.

Dette minna om andre forteljingar som disipline og andre som var til stades, kjende godt. Både lyden og synet av eld – og timinga, gav assosiasjonar til andre Gudsopenberringar i historien deira.

For dette skjedde på pinsedagen, ei jødisk høgtid 50 dagar etter påskesabbaten. Pinsefesten var ei feiring av Moselova, som Moses tok imot då Gud openberra seg på Sinai-fjellet; også den gongen med voldsom lyd og eld. Forteljinga i 2. Mosebok seier at det var lyn og torden, og me kan lesa at «Heile Sinai-fjellet stod i røyk fordi Herren hadde stige ned på det i eld». Løftet om Guds nærvær og nåde er kobla til oppfylling av lova eller boda. Så noko var veldig kjent frå milepælar i den gamle pakta. Men noko var også heilt nytt i den nye pakta.

**Lat oss syngja halleluja-verset og høyra dagens evangelietekst!**

### Evangelium: Joh 14,15-21

**L Det står skrive i evangeliet etter Johannes:**

Jesus sa: Elskar de meg, så held de boda mine. Då vil eg be Far min, og han skal gje dykk ein annan talsmann, og han skal vera hos dykk alltid: Sanningsanden, som verda ikkje kan ta imot. For verda ser han ikkje og kjenner han ikkje. Men de kjenner han, for han bur hos dykk og skal vera i dykk. Eg vil ikkje la dykk vera att som foreldrelause born. Eg kjem til dykk. Om ei lita stund ser ikkje verda meg lenger. Men de ser meg, for eg lever, og de skal leva. Den dagen skal de skjøna at eg er i Far min, og at de er i meg og eg i dykk.

Den som har boda mine, og som held dei, den er det som elskar meg. Og den som elskar meg, skal Far min elska. Ja, den som elskar meg, skal eg òg elska og openberra meg for.

**Slik lyder det heilage evangeliet.**

## **Anden skaper liv**

Den heilage ande er skildra både som ein person og som ei kraft. I det gamle testamentet er Anden Guds ande, Guds pust som skaper liv, der det frå før var ingenting, eller berre mørke og kaos. Eller vatn og liv i livlaus ørken.

Anden er også knytt til Guds openberring gjennom profetane; dei får syner om tider som skal koma; som hos profeten Joel "Ein gong skal det henda at eg auser ut min Ande over alle menneske.." Peter koblar seg på dette i sin tale på pinsedagen, og seier det vart oppfylt. Men denne profetien kan også knytast til Herrens dag. Kanskje må me her tenkja at det er eit "allerede no, og enno ikkje". Slik me tenkjer om andre sentrale punkt i trua vår. Me har fått Anden, men alt er ikkje fullt ut oppfylt enno. Me har noko til gode. Kyrkjekstilane her i Arna kan minna oss om dette. I den raude fargen som me har, mellom anna til pinse, er det noko fiolett innvevd i det raude.

## **Anden skaper fellesskap**

Pinseunderet i Jerusalem blir eit tidsskilje, både for disiplane sjølve og som startpunkt for ei verdensvid kyrkje, for misjon, for eit heilt anna slags fellesskap. Det går ikkje utan motstand eller konfliktar om strategi eller teologi, som me kan lesa om utover i Apostelgjerningane. Men bodskapen om den korsfesta og oppstandne Jesus Kristus blir spreidd ut over Middelhavsområdet, det dei kjende som "heile verda".

Heilt sentralt blir erkjenninga av at dette er for alle menneske, uavhengige av opphav og bakgrunn.

Fellesskapet mellom dei truande var avgjerande, og er det fortsatt. Eg opplever at det er noko me har blitt minna om det siste året, når så mykje av fellesskapet i ulike grupper og samlingar, har måtta vika for smittevernet.

For meg er gudstenesta det aller viktigaste fellesskapet; som eit synlege uttrykk for det kristne fellesskapet. Og som eg alltid håpar er ope for alle. Så veit me at det for nåken blir for smalt, for trangt, for uvant. Og så må me heile tida jobba for at alle som kjem, kan kjenna at dei er heilt inkludert i dette fellesskapet. Det er stor forskjell på å bli tatt imot som outsider eller som insider; som framand eller som kjent. Eg trur det er lettare å kjenna seg heime om du blir møtt som ein kjenning, sjølv om du kanskje ikkje kjem så ofte.

Me seier gjerne at pinsen er kyrkja sin fødselsdag. Det er eit fint bilde, og verkeleg noko å feira. Men kyrkja si historie gir også grunn til ettertanke, sjølvtransaking og oppgjer. For det er også ei lang historie om maktmisbruk, utnytting og eksludering. For meg er kjernen i pinseforteljinga akkurat det motsette: Å opna opp fellesskapet og gjera evangeliet tilgjengeleg for stadig nye enkeltmenneske og grupper, på eit språk dei forstår, i deira kontekst.

## Anden skaper håp

Tilbake til preiketeksten: «Elskar de meg, så held de boda mine,» sa Jesus. Og så løftet: «Då vil eg be Far min, og han skal gje dykk ein annan talsmann, og han skal vera hos dykk alltid»

Frykta for å bli forlatt pregar disiplane den siste tida før Jesus går inn i påskedramaet. Det er i denne konteksten Jesu avskjedstale blir sagt, og som dagens preiketekst er ein del av.

Slik dette er fortalt hos Johannes, er det ein lang tale der nokre tema og formuleringar blir gjentatt og gjentatt, som eit musikkstykke med tema og variasjonar. For Jesus vil trygga dei gjennom å gje dei eit slags testamente. Noko å halda fast i når livet deira snart skal bli snudd på hovudet og det tette, daglege fellesskapet og samværet med Jesus tar slutt.

«Lat ikkje hjartet dykkar uroast!» og igjen «Lat ikkje hjartet dykkar uroast og ver ikkje motlause»

«Talsmannen, Den heilage ande, som Far skal senda i mitt namn, han skal læra dykk alt og minna dykk på alt det eg har sagt dykk.»

Den gamle pakta og den nye pakta møtest i Jesus Kristus, som oppfyller lova og gir oss del i frelsa. Dette har me fått del i i dåpen, der me og fekk Den heilage ande og det nye livet starta! Som ei gave, uavhengig av våre følelsar eller prestasjoner.

Og Jesus var klar i sin tale: Dette er den gjerning de skal gjera: Tru på han som Gud har sendt! altså Jesus. OG: De skal elsa kvarandre. Også Paulus skriv mykje om dette, som i Romarbrevet kap. 13: Kjærleiken er oppfylling av lova.

Til slutt: Den heilage ande gir oss håp. Som Paulus skriv i Romarbrevet 15,13: «Må Gud, som gjev von, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på von ved Den heilage andens kraft.»

Guds nærvær gjennom Anden skaper liv, forandring, fellesskap og håp. Også i dag.

*Preika vart avslutta med dagens bøn:*

Heilage Ande, vår livgjevar,

vi takkar og lovprisar deg.

Du sende din eld over læresveinane pinsedag  
og gav dei visdom og kraft.

Vi bed deg:

Hald trua og kjærleiken brennande blant oss,  
så vi frimodig forkynner evangeliet om Jesus Kristus,  
vår Herre,  
han som med deg og Faderen lever og råder,  
éin sann Gud frå æve til æve. Amen.